

Vedtekter for Sogn Jord – og Hagebruksskule Venneforening

§ 1 Foreninga sitt namn

Foreninga sitt namn er: Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening.
Foreninga blei skipa 09. 09.2014.

§ 2 Føremål for Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening

Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening er ein ideell medlemsorganisasjon.

Føremålet med Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening er å sikre at SJH held fram med å vera ein skule med undervisning i økologisk landbruk og eit kunnskapssenter for berekraftig næringsutvikling.

Føremålet skal mellom anna oppfyllest ved at det vert reist kapital til naudsynte investeringar i bygg og anlegg.

§ 3 Juridisk person

Foreninga er sjølv-eigande og ein frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

§ 4 Medlemar

Alle som vil kan verta medlem ved å betale kontingent. Alle medlemar kan ha tillitsverv i foreninga.

§ 5 Stemmerett og valbarheit

Alle medlemar som har betalt kontingent har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreninga.

§ 6 Kontingent

Kontingenten blir fastsett av årsmøtet.

§ 7 Godtgjersle til tillitsvalde

Tillitsvalde skal ikkje ta i mot honorar for sine verv.

§ 8 Årsmøte

Årsmøtet er foreninga sitt høgaste organ.
Årsmøtet blir kalla inn av styret med minst 1 månads varsel, direkte til medlemane og/eller ved kunngjering i pressa. Forslag som skal handsamast på årsmøtet skal vera sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vera tilgjengeleg for medlemane seinast 1 veke før årsmøtet.

Alle medlemar har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personer og/eller media til å vera til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det tal røysteføre medlemar som møter. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt.

Årsmøtet kan berre handsama forslag om vedtektsending som er oppført på saklista seinast 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik avgjersle kan berre takast i samband med godkjenning av saklista.

§ 9 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet blir leia av vald dirigent. Dirigenten treng ikkje vera medlem av foreninga.

§ 10 Stemmegjeving på årsmøtet

Med mindre anna er bestemt skal eit vedtak for å vera gyldig vera treft med alminnelig fleirtal av dei gjevne stemmene. Blanke stemmer skal verte sett på som ikkje gjevne.

Val skjer skriftleg dersom det kjem meir enn eitt forslag. Berre føreslegne kandidatar kan førast opp på stemmesetelen. Skal fleire veljast ved same avstemming, må stemmesetlane innehalde det tal forskjellige kandidatar som det skal veljast ved gjeldande avstemming. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld ikkje føreslegne kandidatar, eller anna tal kandidatar enn det som skal veljast, tel ikkje, og stemmene blir vurdert som ikkje gjevne.

Når eit val skjer enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei oppgjevne stemmene, blir det bunde omval mellom dei to kandidatane som har oppnådd flest stemmer. Er det ved omval like stemmer, blir valet avgjort ved loddtrekning.

§ 11 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Handsama årsmelding
2. Handsama rekneskap i revidert stand
3. Handsama innkomne forslag
4. Fastsetje kontingent
5. Vedta budsjett

6. VAL :
 - a) Leiar, nestleiar og kasserar
 - b) To varamedlemar til styret
 - c) Valnemnd: Ein leiar og to medlemmar blir valde for to år om gangen
 - d) Revisor og hans eller hennar erstattar

§ 12 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte blir haldne når styret avgjer det, eller når minst ein tredjedel av dei røysteføre medlemene krev det. Det blir innkalla på same måte som ordinære årsmøte, med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinært årsmøte kan berre handsama og ta avgjersle i dei sakene som er kunngjorde i innkallinga.

§ 13 Styret

Foreninga blir leia av eit styre på 3 medlemar, leiar, nestleiar og kasserar. Styret er høgaste organ mellom årsmøta. Medlemene skal veljast slik:

- Leiar blir vald for eitt år på årsmøtet.
- Nestleiar og kasserar blir valde for to år på årsmøtet.
- Det skal veljast to varamedlemar til styret. Varamedlem 1 og 2 blir valde for eit år i gongen.

Styret skal:

1. Iverksetje årsmøtet sine vedtak.
2. Oppnemna komitear/utval/personer for spesielle oppgåver og utarbeide instruks for desse.
3. Administrere og føre nødvendig kontroll med Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening sin økonomi i høve til dei til ei kvar tid gjeldande vedtak og instruksar.
4. Representere Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening.

Styret skal halde møte når leiaren forlangar det eller eit fleirtal av styremedlemene forlangar det.

Styret er vedtaksført når 3 styremedlemar eller møtande varamedlem(ar) er til stades. Vedtak blir fatta med fleirtal av de gjevne stemmene.

§ 14 Vedtektsending

Endringar i disse vedtektene kan berre bli utførde på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på saklista, og det blir kravd 2/3 fleirtal av dei gjevne stemmene.

§ 15 Oppløysning

Oppløysning av Sogn Jord- og Hagebruksskule Venneforening kan berre handsamast på ordinært årsmøte og krev $\frac{3}{4}$ fleirtal. For å vera gyldig må saka takast opp på eit ekstra årsmøte meir enn 3 veker seinare, med same fleirtal. Ved eventuell oppløysning skal foreninga sine midlar overførast til Sogn Jord- og Hagebruksskule etter vedtak på ekstra årsmøte.